

## Bømlo kommune

# **Detaljreguleringsplan for industriområde Serklau i Mosterhamn, gnr. 20, bnr. 12, 79 m.fl.**

Plan-ID: 202108

## **Framlegg til planprogram**

Datert: 11.01.2022  
Revidert etter høyring 23.05.2022

# INNHOLD

<b>1 INNLEIING .....</b>	<b>3</b>
1.1 BAKGRUNN OG FØREMÅL .....	3
1.2 GJELDANDE PLANSTATUS .....	4
1.3 LOKALISERING .....	5
1.4 PLANAVGRENSING .....	6
<b>2 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....</b>	<b>8</b>
2.1 PLANFRAMLEGG MED KONSEKVENTSUTGREIING (KU).....	8
2.2 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD .....	8
<b>3 FØRINGAR OG RAMMER FOR PLANARBEIDET .....</b>	<b>9</b>
<b>4 UTFORDRINGAR OG SENTRALE PROBLEMSTILLINGAR .....</b>	<b>11</b>
4.1 NÆRINGSUTVIKLING OG SAMFUNNSVERKNAD .....	11
4.2 STRANDSONE OG FRILUFTSLIV, INKLUDERT BARN OG UNGE .....	11
4.3 LANDSKAP .....	11
4.4 NATURMANGFALD .....	12
4.5 FORUREINING .....	13
4.6 NATURRESSURSAR.....	14
4.7 KULTURMINNE .....	15
4.8 FARLEI OG FERDSEL.....	15
4.9 TEKNISK INFRASTRUKTUR .....	16
4.10 RISIKO OG SÅRBARHET.....	17
<b>5 UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENTSUTGREIING.....</b>	<b>17</b>
5.1 ALTERNATIV SOM SKAL UTGREIAST.....	17
5.2 UTGREIINGSTEMA OG -METODE .....	18

# 1 Innleiing

Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for KU. Planarbeidet vert utført av ABO Plan & Arkitektur Stord AS på vegne av tiltakshavar Bømlo kommune.

Prinsippsøknad for å melde oppstart av reguleringsplanarbeidet vert handsama parallelt med planprogrammet.

Varsel om oppstart av planarbeid og offentleg ettersyn av planprogram vert annonsert i avis Bømlo-nytt, samt på nettsida til Bømlo kommune og ABO.

Merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg til:

**ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Pb. 32, 5401 Stord**

Eller elektronisk til: **poststord@abo-ark.no eller sarah@abo-ark.no**

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Føremålet med planarbeidet er å regulere industriområdet på Serklau i Mosterhamn. Området vart regulert til industriformål i reguleringsplan for deler av Grønås, Teigland og Mosterhamn austre og vestre, R-45, og vedteken i kommunestyret 27.04.1987. Reguleringsplanen frå 1987 manglar reguleringsføresegner om utnyttingsgrad, byggehøgd og byggegrenser til sjø. Deler av området vart vidare regulert i reguleringsplan for Serklauholmen frå 2009. Den nye reguleringsplanen vil føre til at reguleringsplanen frå 1987 vert oppheva, mens reguleringsplanen for Serklauholmen frå 2009 vert vidareført.


Det er få sjøtilknytte næringsareal som er ledige for nye verksemder i kommunen. Vidareutvikling av Serklau vil bidra til nytt tilgjengeleg areal for marine/ maritime næringsverksemder. Tilgang til sjø er viktig for slike verksemder, og ein vil difor inkludere areal aust for dagens industriområde som er avsett til næringsareal i gjeldande kommuneplan med krav om regulering. Regulering av djupvasskai vil bli vurdert i denne delen av planområdet.

Serklau er ein av dei få sjøtilknytte næringsområda som kommunen eig i. Det er fleire aktørar som er interessert i området, men som på grunn av eldre planverk ikkje kjem i gang med prosjekta sine. Kommunen ser det som føremålstenleg å oppdatere planverket slik at det stettar dagens krav, og i tillegg å vera i forkant med planlegginga slik at dei kan tilby byggeklart næringsområde for ny aktivitet i kommunen. Overordna VA-plan for området vert også viktig i reguleringsplanen. Planen vil opne for næringsareal utover det som er tilgjengeleg/opp arbeidd i dag, samt område for kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Næringsarealet vil kunne medverke positivt med omsyn til fleire lokale arbeidsplassar på Moster.

<b>Hovudføremål med ny plan</b>	Næringsføremål. Hovudvegsystem. Hamneområde i sjø og djupvasskai
<b>Planområdets storleik</b>	Om lag 750 daa
<b>Aktuelle problemstillingar</b>	Registrerte naturtypar, tilhøve til friluftsliv og bustadområde, VA-infrastruktur, lokalisering av djupvasskai
<b>Krav om konsekvensutgreiing</b>	Ja
<b>Politisk prinsippavgjersle</b>	26.01.2022
<b>Oppstartsmøte</b>	09.11.2021
<b>Godkjenning av oppstart</b>	26.01.2022
<b>Handsaming av planprogram og varsel om oppstart</b>	Utval for areal og samferdsel - 26.01.2022


## 1.2 Gjeldande planstatus

Store deler av planområdet er detaljregulert i reguleringsplan for deler av Grønås, Teigland og Mosterhamn austre og vestre, R-45, fra 1987. På Serklauholmen gjeld reguleringsplanen Serklauholmen fra 2009. Der Serklauvegen kjem inn på fylkesveg 542 gjeld reguleringsplan for fylkesveg 542 Notland- Mosterhamn frå 2019 (ID 201612).



Figur 1. Til venstre: Reguleringsplan for deler av Grønås, Teigland og Mosterhamn austre og vestre, R-45. Til høyre: Reguleringsplanen R 120 Serklauholmen fra 2009.


Kommuneplanen regulerer planområdet til næring, hamn, LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag og område der reguleringsplanar er gjeldande. Område i sjø og næringsområdet er omfatta av bandleggingssone H710\_82 (krav om reguleringsplan).



Figur 2 Forslag til plangrense og gjeldende kommuneplan for Bømlo kommune.

### 1.3 Lokalisering

Planområdet ligg i Mosterhamn, nord for sentrum. Planområdet inkluderer fylkesveg 542, og strekk seg nordover til og med Serklauholmen og sjøområda utanfor. Deler av området er i dag i bruk som næringsområde, i hovedsak av maritime/marine verksemder. Den austre delen av planområdet, ut mot Prestnes, er naturområde, og med opparbeidde stiar og fine, lune viker. Deler av området er i bruk som friluftsområde. Området i vest, mot Teigland, er jordbruksareal med spreidd busetnad, mens det er skogkledd lenger nord.



Figur 3. Lokalisering av planområdet på Mosterhamn på Bømlo.

## 1.4 Planavgrensing

Planområdet er om lag 750 daa, og omfattar heile eller delar av følgjande eigedomar: Gnr./Bnr: 20/1, 2, 3, 8, 11, 12, 14, 39, 64, 65, 71, 73, 79, 80, 81, 86, 87, 88, 99, 105, 109, 110, 111, 135, 138, 140, 143, 144, 145, 146, 147, 151, 154, 19/51. Forslag til planavgrensing er vist i figuren under.

Plangrensa er såpass stor i utgangspunktet for å sikre at det er nok areal til dei føremåla som skal inngå i planen. Planområdet inkluderer Serklauvegen for å kunne regulere køyrevegen, samt nytt fortau fram til næringsområdet. For å gi fleksibilitet til å vurdere om samferdselsføremåla skal utvidast mot vest eller aust er planområdet sett ca. 10 meter ut frå dagens vegkant. Planområdet vil truleg verte redusert når det endelige planframlegget er klart.

Planavgrensinga i sør overlappar med varslingsgrensa for reguleringsplan for Moster sentrum. Det vil verte vurdert underveis i planarbeidet korleis dette skal handterast vidare.



Figur 4. Planområdet vist med svart stipla linje.

## 2 Planprosess og medverknad

### 2.1 Planframlegg med konsekvensutgreiing (KU)

Føremålet med planprogrammet er å definere rammene for planarbeidet, inkludert fastsetjing av tilhøve som skal utgjera og skildra nærmere i planframlegget. Et anna føremål er å informere relevante planmynde, organisasjonar og involverte partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplanen og KU. Planprogrammet skal sikre tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet.

Planen skal utarbeidast som ei detaljregulering i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Planarbeidet er vurdert etter konsekvensforskrifta (2017).

Reguleringsplanen kjem inn under § 6b i forskrift om konsekvensutredninger:

*§6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding.*

*b) Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen*

I vedlegg I kjem reguleringsplanen inn under punkt 24:

*Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennytige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m<sup>2</sup>.*

Det er i tillegg registrert naturtypar i området i 2020. Planen kjem difor også inn under §8 (utdrag frå § 8):

*Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn*

*Lokalisering og påvirkning på omgivelsene omfatter en vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:*

- a. verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven
- b. truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv

Det fastsette planprogrammet skal ligga til grunn for utarbeiding av planforslag med KU. Føremålet med KU er å klargjere verknadane av tiltak som kan få vesentlege konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. KU skal sikre at disse verknadane vert vurdert, både under planlegging av tiltaket og når det skal takast stilling til om tiltaket skal gjennomførast, eventuelt på kva vilkår med avbøtande tiltak.

### 2.2 Planprosess og medverknad

Krav til planprosess er fastsett i plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiingar. I arbeidet med detaljreguleringa er det ønskjeleg med medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet.

Alle offentlege organ, fagmynde og interesseorganisasjonar er høyringspart, samt vil nærliggjande grunneigarar verta varsla direkte i brevsform. Andre vil verta varsla om planarbeidet via kunngjering i avis.

Det er planlagt eit møte med grunneigarar og interessentar i området tidleg i 2022. Ein vil vidare undervegs i planarbeidet vurdere å gjennomføre ope folkemøte og elles ytterlegare medverknad og prosess.

Detaljreguleringa skal gjennom følgjande prosess:

- Forslag til planprogram vert saman med varsel om oppstart lagt ut på høyring til naboar og offentleg mynde og varsle i avis.
- På bakgrunn av innspel til varsling, vert endeleg planprogram politisk vedteke.
- Planforslag med plankart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing vert utarbeidd på bakgrunn av planprogrammet.
- Planforslaget (1. gangshandsaming) vert handsama av ansvarleg mynde i kommunen og deretter lagt ut på offentleg ettersyn. Naboar og offentleg mynde kan då gje merknadar.
- Gjennomgang av merknader frå offentleg ettersyn, eventuelle endringar av planframlegget.
- Plan for endeleg godkjenning (2. gongs handsaming) i kommunen.

#### Tidsplan

Prinsippsøknad	januar 2022
Planprogram	januar 2022
Varsel om oppstart/høyring av planprogram	februar – mars 2022
Vedtak planprogram	mai 2022
Planlegging og utarbeiding av konsekvensutgreiing	vår/sommar 2022
Høyring planforslag, og ope høyringsmøte	haust 2022
Vedtak	haust 2022

## 3 Føringar og rammer for planarbeidet

Tilhøve til nasjonale mål og retningslinjer, regionale planar, kommuneplanar og andre relevante planar skal kort gjerast greie for i planarbeidet. Det skal gjerast greie for i kva grad planen samsvarar med gjeldande planar i området.

#### Nasjonale og regionale føringar og rammer

Relevante lovverk er ikkje lista opp, men ligg til grunn for planarbeidet.

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning
- Statlig planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen
- Rundskriv H5/18, Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442)
- Klimaplan for Hordaland 2015-2030
- Regional plan for folkehelse 2014-2026
- Regional planstrategi for Hordaland 2016 - 2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026
- Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 (under revisjon, planprogram 2022-2027)
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional transportplan for Hordaland 2018-2029
- Regional plan for Kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger, 2017
- Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033

## **Lokale føringer og rammer**

Visjonen for kommunen er *Berekraftige Bømlo*, med slagordet *Driftige folk i vakker natur* og verdiane *Raus – modig – engasjert*. Bømlo kommune har sluttet seg til FN sine 17 berekraftsmål.

- Gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune
  - Arealdelen
  - Samfunnsdel, 2019 - 2049
  - Planstrategi 2021 - 2024
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, 2016 - 2022
- Trafikksikringsplan 2020 - 2024
- Kommunedelplan vatn og avløp 2016 - 2045
- Kommunedelplan for kulturminne 2021 - 2032

## **4 Utfordringar og sentrale problemstillingar**

Utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet vert gjort greie for her. Konsekvens kjem fram ved å samanhælle verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert eventuelle avbøtande tiltak. Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar.

Konsekvensutgreiinga vil gå parallelt med planarbeidet og vil bli innarbeidd som en del av planskildringa.

### **4.1 Næringsutvikling og samfunnsverknad**

Det er eit stort behov for sjøtilknytt næringsareal i Bømlo kommune. Rapporten Grøn region Sunnhordland frå Vestland fylkeskommune frå 2021 peikar på tilgang på næringsareal som ein av utfordringane for næringslivet i Sunnhordland. Tilrettelegging for nye sjøtilknytte næringsareal på Serklau vil såleis bidra positivt til å vidareutvikla og sikre grøn næringsutvikling i kommunen og regionen.

Serklau er i bruk i dag som industriområde, og det er fleire aktørar som allereie er veletablert i området. Det er fleire aktørar som er interessert i å etablera seg i området, men som pga. eldre planverk ikkje kjem i gang med prosjekta sine. Planen vil opne for næringsareal utover det som er tilgjengeleg i dag, samt område for kai/djupvasskai. Næringsareaala vil kunne medverke positivt med fleire lokale arbeidsplassar på Moster, og i kommunen generelt.

### **4.2 Strandsone og friluftsliv, inkludert barn og unge**

Det er ikkje kartfesta regionale eller lokale friluftsområde innanfor planområdet. Breivik er eit statleg sikra friluftsområde som ligg sør aust for planområdet. Området vert nytta til bading og strandbaserte aktivitetar, båtfart og fiske. Området ligg like nord for Mosterhamn, mot Bømlafjorden og Stokksundet i aust. Området er skildra som vilt og vakkert, men lite tilrettelagt. Det er òg turstiar/-løyper på Austneset, som ligg like aust for planområdet. I eit folkehelseperspektiv er det viktig å leggja til rette for fysisk aktivitet og at terskelen for å delta er låg. I planprosessen vil ein sjå nærmere på planen sin verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og strandsone, **inkludert verknaden for folkehelse, barn og unge**. Planarbeidet skal sikre buffer mot friluftsområda i aust.

Store deler av planområdet ligg innanfor strandsona, 100-metersbeltet mot sjø. Ein god del av denne strandsona er allereie teke i bruk til industriføremål. Bømlo kommune er i statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona klassifisert som *kommuner med mindre press på arealet*. Byggeforbodet gjeld generelt, og kommunane skal berre tillate bygging etter ei konkret vurdering ut frå lokale tilhøve. Kommuneplanen skal leggjast til grunn for utarbeiding av reguleringsplan. Det vil bli gjennomført kartlegging av strandsoneverdiane som del av planarbeidet, der forhold til tema landskap, friluftsliv og naturmangfold særleg skal belysast. Relevante punkt som skal leggast til grunn i 100-metersbeltet langs sjø skal utgreiast i planarbeidet.

### **4.3 Landskap**

Aurland naturverkstad har utført ei verdivurdering av landskap i Hordaland fylke, med utgangspunkt i Nasjonal referansesystem for landskap. Planområdet er ein del av området Spyssøysundet – Otterøysundet, Området er vurdert å innehå middels verdi (verdi 3), som er vanleg førekommande landskap i regional samanheng, og/eller over gjennomsnittet lokalt.

Planområdet består dels av etablert industriområde, og dels av urørt strandsone. Store deler av planområdet ligg innanfor 100-metersbelte mot sjø. Det er innsyn til området frå sjøsida i nord, medan det er godt skjult frå lengre avstand i sør som Moster sentrum. Det er ein del busetnad på sørsida av planområdet som vil ha sikt inn på området, Teigland og bustadfeltet Heio. Verknadar for naboor må avklarast i arbeidet.



Figur 5 Oversikt over planområdet og områda rundt.


Store deler av området vil bli transformert fra dagens situasjon med urørt naturområde i vest og aust til nytt næringsområde tilrettelagt for sjønære og marine/maritime aktivitetar. Store delar av området vil truleg bli planert ned til kainivå. Planarbeidet må vurdere tilpassing av planerings- og byggehøgd, og utforming av uteområda og materialbruk.

Landskapet sin karakter og planframlegget sin visuelle påverknad på landskapet skal synleggjera i konsekvensutgreiinga. Verknadar for naboar/busetnad og nærområde skal skildrast i planframlegget. Dette m.a. ved å illustrere ny utbygging ved hjelp av 3D-illustrasjoner, frå ulike perspektiv.

#### 4.4 Naturmangfold

Planområdet består av open fastmark, bebygd areal, skog, samferdsel, innmarksbeite, fulldyrka jord og sjø.

Det er registrert fleire naturtypar innanfor og i nærleiken av planområdet, sjå figur under. Kartlegging av Naturtyper etter Natur i Norge (NiN) i kommunen vart gjennomført i 2020, og registreringane er såleis av nyare dato. Det er i tillegg registrert fleire artar av stor og svært stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet, sjå figur under.



Figur 6 Til venstre: Registrerte naturtypar i området. Til høgre: Artar av stor og særleg stor forvaltningsinteresse innanfor planområdet.

Sjøområda er ein del av kystvassførekomsten Stokksund, som er registrert med moderat økologisk tilstand i vann-nett.

Planen vil fremje tiltak i område som allereie er planerte og tilrettelagt for næringsverksemd, samt nytt næringsareal ved utfylling i sjø og inngrep i naturområde mot vest og aust. Dette vil omfatte areal registrert med naturtypar og artsførekomstar. Omfang av tiltak i sjø og på land vil m.a. verta sett i samanheng med massebalanse samla sett i området

I planprosessen vil ein sjå nærmere på planen sin verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø. Sentrale tema vil vera påverknad på registrerte naturtypar og trua artar. Planframlegget skal legge til grunn krav til dokumentasjon, kunnskapsgrunnlag og vurderingar i naturmangfaldlova §§ 8-12.

I samband med planarbeidet vil det verta gjennomført ei kartlegging av naturmangfald i sjø, samt sedimentprøvar for å avdekke eventuell forureining i sjøområda. På landsida er det vurdert at registreringar i offentlege databasar og eksisterande rapportar og kunnskap er tilstrekkeleg for å kunne vurdere konsekvensane planforslaget vil få for naturmangfaldet i planområdet.

#### 4.5 Forureining


Det er allereie etablert industriverksemder innanfor planområdet, og planframlegget vil leggja til rette for næring og industriverksemder i eit større område. I samband med planarbeidet skal det takast sedimentprøvar for å avdekke eventuell forureining i sjøområda. Potensiale for forureining i området i anleggs- og driftsfasen skal utgriast.

Forureining i form av støy, stov og lys er også viktige problemstillingar for folkehelsa og nærmiljøet. Planen vil opne for maritime og marine verksemder med ny kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Hamnedrift fører med seg ulike typer støy gjennom døgnet, og støy frå hamneverksemder kan vera ein utfordring for

**nærliggende område.** Planarbeidet må sikre tilstrekkeleg avstand mellom industriverksemder og busetnad, samt legge føringer for industriaktiviteten som tek i vare eksisterande busetnad. Tilhøve knytt til anleggsarbeid, sprenging og knusing av stein skal belysast.

#### 4.6 Naturressursar

Det er registrert mindre område med fulldyrka jord og innmarksbeite sør aust i planområdet, og langs tilkomstvegen, sjå figur under.



Figur 7 Illustrasjon som syner type areal innanfor og rundt planområdet


Sjøområda rundt Serklauholmen er del av eit større fiskeområde for passive reiskap (Spissøy). Dette er registrert som eit mykje brukt fiskefelt for fiske etter sei med garn og harpe.

I planprosessen vil ein sjå nærmere på planen sin verknad på naturressursar knytt til både land og sjø.

## 4.7 Kulturminne

Det er ingen automatisk freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Det ligg nokre kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg i områda kring planområdet. Eventuell verknad for desse kulturminna og bygga av planframlegget vil vera ein del av konsekvensutgreiinga.

Det skal gjennomførast arkeologisk registrering i planområdet sommaren 2022.




Figur 8 Kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg i nærleiken til planområdet

## 4.8 Farlei og ferdsel

Bileia Spyssøysundet – Serklau går inn til Serklau, og inn i planområdet. Farleisarealet dekkjer òg deler av planområdet. Deler av ankringsområdet Flæet ved Mosterhamn ligg òg innanfor planområdet, sjå figur under. I utgangspunktet vil ein ikkje legge til rette for tiltak som vil vera til hinder for bruk av ankringsområdet Flæet. **Det vert viktig å sikre at aktuelle traséar for leidningar ikkje kjem i konflikt med sjøverts ferdsel eller annan bruk av farvatnet.** Planframlegget vil truleg medføre auka trafikk på sjøen med grunnlag i fleire aktørar i området, meir aktivitet og kai/djupvasskai her.

Planen vil opne for ny kai/djupvasskai og hamneområde i sjø. Areal til kai og hamneområdet i sjø skal synleggjerast i planarbeidet, og fartøy må sikrast tilstrekkeleg manøvreringsareal rundt aktuelle kaianlegg. I dette ligg det også eit behov for areal til lasting, lossing og lagring, samt terminalar for ulike formål.

Verknadar av planframlegget for farlei og ferdsel skal utgreiaast i konsekvensutgreiinga.



Figur 9 Farleisareal (lys grøn farge) og ankringsområde (mørkare grøn farge) i områda kring Serklau. Bileia Spyssøysundet – Serklau er vist med blå linje.

#### 4.9 Teknisk infrastruktur

Deler av fylkesveg 542 Mostravegen er inkludert i planområdet. Denne vegen er godkjent regulert og ein del av reguleringsplanen for Moster sentrum, som er under utarbeiding. Planframlegget vil legge til rette for potensielt meir næringsaktivitet på området, og såleis tilhøyrande trafikk til og fra området. Frå avkøyrsla til Serklaugvegen er det ikkje opparbeidd fortau eller gang- og sykkelveg ut til industriområdet. Langsmed den kommunale vegen skal det regulerast inn fortau.

Hovudvegnettet innanfor planområdet skal regulerast, og det skal vurderast etablering av offentleg veg internt i planområdet, til dømes ut til ein eventuell djupvasskai.

Det er offentleg vasstilgang i området, og private avløpsløysingar. Forhold til kapasitet og uttakspunkt for sløkkevatn skal omtalast i planarbeidet. Overordna VA-rammeplan skal utarbeidast.

Planarbeidet skal vurdere dagens situasjon og sjå på løysingar og behov for parkering med tilhøyrande infrastruktur og tilkomst. I planprosessen skal ein sjå nærmare på trafikksikkerheita i planområdet og i tilgrensande område, samt **forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet, trafikkmønster, parkeringsdekning og -behov og framkomst for ulike trafikantgrupper**. Planen vil medføre tungtrafikk gjennom Moster sentrum. Dette er eit tema som skal omtalast i planarbeidet.

#### **4.10 Risiko og sårbarheit**

For å kunna redusera omfang av skadar og uønska hendingar, skal risiko og sårbarheit kartleggast i høve menneskeskapte og naturskapte hendingar. Analysen vert utført i samsvar med DSB sin rettleiar om «Samfunnssikkerhet i kommunanes arealplanlegging» (2017), samt «Akseptkriterium ROS-analyse i arealplanlegging i Bømlo kommune» (2013).

Sentrale tema i analysen vil vera tilhøve for trafikktryggleik, støy, forureining i grunn/sjø, auka vasstand og grunntilhøve. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga vil verta sett i samanheng ved at det ikkje er nødvendig å vurdere same tilhøve to gangar i reguleringsplanen.

Moglege konsekvensar planlagde tiltak vil ha på beredskaps og ulukkers risiko vil verta utgreia gjennom ROS-analyse av det konkrete prosjektet. Det skal gjennomførast sedimentprøvar for å avdekke eventuell forureining i sjøområda. Det er ikkje planlagt andre supplerande registreringar eller spesielle undersøkingar som del av ROS-analsesen.

## **5 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiing**

### **5.1 Alternativ som skal utgreiast**

Planar etter KU-forskrifta skal gjere greie for vurderte alternativ og i naudsynt grad omfatte utgreiing av relevante og realistiske alternativ, herunder alternativ lokalisering. Tilrådd alternativ skal grunngjevast.

Store deler av området er avsett til næring i gjeldande kommuneplan, og det er såleis allereie gjort ei vurdering av alternativ lokalisering på kommunalt nivå i overordna plan. Store deler av planområdet er allereie i bruk som næringsområde, og deler av føremålet med planarbeidet er å få eit oppdatert planverk som stettar dagens krav til næringsverksemd i området. Alternative utbyggingsalternativ/ utformingar av planområdet er naturleg å gjennomføre i planleggingsfasen. Ein vil gjennomføre eit silingsarbeid av utbyggingsalternativa når ein har auka kunnskapsgrunnlaget mellom anna kring marint biologisk mangfold, forureining i grunn og inngrep utover dagens situasjon.

**0-alternativet:** Tiltaka i reguleringsplanen skal vurderast opp mot eit 0-alternativ som er ei skildring av den framtidige utviklinga for området dersom reguleringsplanen ikkje vert gjennomført. 0-alternativet er ein målestokk for vurderinga av planen sine forventa konsekvensar. 0-alternativet i denne plansaka er dagens situasjon og rammene til gjeldande kommune-/reguleringsplanar.

**Planalternativ:** Hovudmålsettinga for planarbeidet er å utvikle industriområdet på Serklau. Det er lagt til grunn at planarbeidet ikkje vil utgreie alternative lokaliseringar i Bømlo kommune.

Alternative utbyggingsalternativ/ utforming av planområdet er naturleg å gjennomføre for:

- a) Vidareutvikling av Serklau industriområde: Full utbygging av alle område regulert til nærings- og hamneføremål i KPA til marine og maritime næringsføremål, inkl. djupvasskai.
- b) Vidareutvikling av Serklau industriområde: Avgrensa utbyggingsføremål til nærområde til eksisterande næringsverksemd og utan djupvasskai.
- c) Oppdatering av regulerte areal på Serklau industriområde.

## 5.2 Utgreiingstema og -metode

For å kunne analysere føremoner og ulemper av eit tiltak er det naudsynt å vite kva konsekvensar tiltaket gir. Konsekvens kjem fram ved å samanhælle verdi og omfang av tiltaket innanfor det enkelte tema, inkludert eventuelle avbøtande tiltak. Ein føresetnad for konsekvensanalysar er at ein kan klarlegge samanhengar mellom årsak og verknad. Konsekvensane av eit tiltak kjem fram ved å beregne eller vurdere forventa tilstand etter gjennomføring av tiltaket mot forventa tilstand utan tiltaket. Ein må ha ein referansesituasjon – nullalternativ – for å kunne seie noko om konsekvens. Det må i kvart enkelt prosjekt vurderast kva som er tilstrekkeleg kunnskapsnivå for å sikre eit godt nok grunnlag for avgjerder. Konsekvensutgreiinga vil i hovudsak vera basert på eksisterande kunnskap frå kjente og tilgjengelege databasar og dokument. Det skal i tillegg gjennomførast kartlegging av marint biologisk mangfald og forureining og registrering av kulturminne i området.

Konsekvensutgreiinga skal, så langt det er hensiktsmessig, basera seg på metodikken skildra i Statens Vegvesen si handbok V712, Konsekvensanalyser. For tema som gjeld klima og miljø skal Miljødirektoratet si rettleiar M-1941 (2021) nyttast som metode for konsekvensutgreiinga.

For enkelte utgreiingstema er det hensiktsmessig at konsekvensutgreiinga skil mellom konsekvens for tiltaksområdet og konsekvens for influensområde. Tiltaksområdet femner om alle område som blir påverka direkte ved gjennomføring av planlagde tiltak. Influensområdet omfattar areal og område rundt tiltaksområdet, der tiltaket kan tenkast å påverke verdiane som vert utgreidd. Dette vil bli skildra i planframlegget.

Konsekvensane som er utgreidd for ulike tiltak skal oppsummerast og samanstillast.

Tema	Moglege verknader/ utgreiingsbehov	Kunnskapsgrunnlag
<b>Næringsutvikling og samfunnsverknadar</b>	Tilrettelagte nye sjøtilknytte næringsareal medfører høve til etablering for fleire næringsaktørar.	Informasjon frå møte med grunneigarar og interessentar i området, planlagt juni 2022.
<b>Strandsone og friluftsliv, inkludert barn og unge</b>	Verknad på friluftsliv og tilgjenge til området, knytt til både land og sjø. Verknader for folkehelse, inkludert barn og unge.	Fylkesatlas.no Kommuneplan for Bømlo Kartlagde stiar Lokal kunnskap Handlingsplan for folkehelse 2015 Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 - 2020
<b>Landskap</b>	Utbygginga sin visuelle verknad på landskapet. Verknader for nabobar og nærområde som m.a. friluftsområde og bustadområde.	Kommuneplan for Bømlo Grunnkart som syner busetnad Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke. Aurland Naturverkstad, rapport 07-2011.
<b>Naturmangfald</b>	Stette krava i naturmangfaldlova; Verknad på naturmiljøet knytt til både land og sjø for arealbruken, samt ringverknad av bruken skal synleggjerast. Sumverknad skal vurderast. Sentrale tema vil vera påverknad på naturtyper og trua artar.	Naturbase Artskart/artsdatabanken Vannportalen Kartlegging av naturmangfald i sjø (2022)

<b>Forureining</b>	Verknader i anleggs- og driftsfasen. Støy Forureining i sjø/grunn.	Informasjon frå grunneigarar og interessantar i området. Data frå feltarbeid i området.
<b>Naturressursar</b>	Verknader for dyrka mark på land, og fiskeområde i sjø	AR5 – kart Kystnære fiskeridata
<b>Kulturminne</b>	Visuelle verknader i høve registrerte kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg.	Askeladden Kommunedelplan for kulturminne 2021 – 2032 <b>Feltundersøking VLFK (vår/sommar 2022)</b>
<b>Farlei og ferdsel</b>	Verknader for sjøtransport, farlei og bruk av registrert ankringsområde	Kystinfo Kystdatahuset
<b>Teknisk infrastruktur</b>	Verknad for transport, trafikk og parkeringstilhøve, også for nabobar/ busetnad og nærområde. Overordna VA-rammeplan	Kommuneplanen sin arealdel Grunnkart som syner busetnad Handbok N100 Hovudplan vatn og avløp 2016-2045
<b>Risiko og sårbarheit</b>	Arealendring kan få verknader for beredskap og ulykkesrisiko. Sentrale tema i analysen er trafikktryggleik, støy, forureining i grunn/sjø, auka vasstand og grunntilhøve.	Kommunal ROS-analyse T-1442 Nettsider: Naturbase, NGU, Miljødirektoratet, Vegkart, dsb.no m.fl.

ABO Plan & Arkitektur Stord AS  
Postadr.: Pb. 32, 5401 Stord  
Besøksadr.: Torgbakken 9  
[poststord@abo-ark.no](mailto:poststord@abo-ark.no)